
Saksnr: 2020/1176-32
Saksbehandlar Liz Eva Tøllefsen
Dato: 09.12.2021

Til: Ingar Hals

Frå: Liz Eva Tøllefsen

Reguleringsplan - Fv. 564 Fløksand - Vikebø - Alver kommune - interne innspill

Uttale frå INV forvaltning Bergensområdet:

Utvidinga av planområdet vil vere for å sikre areal til handtering av overvatn. Det er lagt til grunn to alternativ for løysinga. Det er lagt til grunn at areala i det utvida området skal vera uendra etter at anleggsarbeidet er gjennomført.

Vi er positive til at omsyn til overvasshandteringa vert løyst i reguleringsplanen. Vi har ikkje merknadar til utviding av plangrensa for dette tiltaket.

Uttale frå regionalt kulturminnemynde:

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i det utvida planområdet. Ut frå potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til utvidinga. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.